

Innkalling

Utval	Sula kontrollutval
Møtestad	Sula rådhus, møterom 4. etasje
Dato	30.03.2022
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 07/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 08/22	Meldingar
MS 03/22	Melding om tilsynsrapport internkontroll skulemiljø
MS 02/22	Forum for kontroll og tilsyn FKT - konferanse Kløfta 8.-9.06.2022
MS 04/22	Henvending om manglande svar frå kommunen til innbyggjar
PS 09/22	Handsaming av skisse forvaltningsrevisjon barnevernet

Ålesund, 23.03.2022

Olav Bjarne Skodje
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/22	Sula kontrollutval	30.03.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Sula kontrollutval - 25.01.2022

Møteprotokoll

Utval	Sula kontrollutval
Møtestad	Sula rådhus, møterom B 1. etasje
Dato	25.01.2022
Tidspunkt	kl 14:00 - 15:40

Følgjande medlemmer møtte

Aslak Digernes
Gunvor Reistad Aannø
Olav Bjarne Skodje
Svein Olav Værnes

Forfall

Inger Øien

Møtande varamedlem

Asbjørn Tryggestad

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.
Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Olav Bjarne Skodje
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/22 Meldingar
- MS 01/22 Kontrollutvalshandboka i ny utgåve
- PS 03/22 Interimrevisjon 2021
- PS 04/22 Bestilling av skisse forvaltningsrevisjon sakshandsaming
barnevernet
- PS 05/22 Årsmelding 2021 Sula kontrollutval
- PS 06/22 Sak om Sula kommune og Sunde-Leirvåg borettslag

PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Sula kontrollutval 25.01.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

SUKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 02/22 Meldingar

Sula kontrollutval 25.01.2022

Behandling

SUKU - 02/22 vedtak

MS 01/22 Kontrollutvalshandboka i ny utgåve

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sula kontrollutval 25.01.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

SUKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 03/22 Interimrevisjon 2021

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Sula kontrollutval 25.01.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

SUKU - 03/22 vedtak

Sula kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

PS 04/22 Bestilling av skisse forvaltningsrevisjon sakshandsaming barnevernet

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon sakshandsaming barnevern i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggast fram på neste møte i Sula kontrollutval som er 30. mars 2022 og skal være grunnlaget for endeleg rapport.

Sula kontrollutval 25.01.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

SUKU - 04/22 vedtak

Sula kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon sakshandsaming barnevern i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggast fram på neste møte i Sula kontrollutval som er 30. mars 2022 og skal være grunnlaget for endeleg rapport.

PS 05/22 Årsmelding 2021 Sula kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2021. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

Sula kontrollutval 25.01.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

SUKU - 05/22 vedtak

Sula kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2021. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

PS 06/22 Sak om Sula kommune og Sunde-Leirvåg borettslag

Tilråding til vedtak:

1. Sula kommunestyre bed kommunedirektøren påsjå at internkontrollrutinane er innretta slik at dei også sikrar nødvendig overhalding av fristar. Innafor kontrakts- og avtaleforhold bør oppfølging av plikter og fristar ha særskild fokus.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta med tilhøva under pkt. 1 i si årlege orientering til kommunestyret om internkontroll.
3. Informasjonen om tidlegare saksgong og dei feila som frå ulike hald vart gjort vert elles teke til vitande.

Sula kontrollutval 25.01.2022

Behandling

Nytt forslag til punkt 1, foreslått av Gunvor Reistad Aannø,

1. Sula kommunestyre vil peike på at kommunedirektøren har ansvar for at internkontrollrutinane er innretta slik at dei sikrar nødvendig halding av fristar. Kommunedirektøren må vidare sjå til at kommunen har nødvendig kompetanse innanfor kontrakts- og avtaleforhold slik at oppfølging av pliktar og fristar får særskild fokus.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta med tilhøva under pkt. 1 i si årlege orientering til kommunestyret om internkontroll.
3. Informasjonen om tidlegare saksgong og dei feila som frå ulike hald vart gjort vert elles teke til vitande.

Votering over nytt forslag: Samrøystes vedteken.

SUKU - 06/22 vedtak

1. Sula kommunestyre vil peike på at kommunedirektøren har ansvar for at internkontrollrutinane er innretta slik at dei sikrar nødvendig halding av fristar. Kommunedirektøren må vidare sjå til at kommunen har nødvendig kompetanse innanfor kontrakts- og avtaleforhold slik at oppfølging av pliktar og fristar får særskild fokus.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta med tilhøva under pkt. 1 i si årlege orientering til kommunestyret om internkontroll.
3. Informasjonen om tidlegare saksgong og dei feila som frå ulike hald vart gjort vert elles teke til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/22	Sula kontrollutval	30.03.2022

Meldingar

Underliggende saker

03/22	Melding om tilsynsrapport internkontroll skulemiljø
02/22	Forum for kontroll og tilsyn FKT - konferanse Kløfta 8.-9.06.2022
04/22	Henvending om manglande svar frå kommunen til innbyggjar

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 03/22	Sula kontrollutval	30.03.2022

Melding om tilsynsrapport internkontroll skulemiljø

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar.

Vedlegg

Rapport frå statleg tilsyn 2021 - internkontroll skulemiljø Sula kommune - Måseide skule



Tilsynsrapport – vedtak

Om kommunen sin internkontroll sikrar at skulen oppfyller plikta til å varsle og undersøke i skulemiljøsaker

Sula kommune – Måseide skule

Samandrag

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fører tilsyn med Sula kommune. Temaet for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen varslar og undersøker saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Vi har òg undersøkt om kommunen sikrar at skuleeigar blir varsla om saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenker ein elev, og om skuleeigar sørgjer for at saka blir undersøkt der mistanken gjeld ein i leiinga ved skulen. Formålet med internkontrollen er å førebyggje og hindre regelverksbrot, og sikre at regelverksbrot blir oppdaga og retta.

Gjennom tilsynet fann vi at kommunen ikkje overheld regelverket på alle kontrollområda. Vi har funne at dei tilsette på skulen gjer det dei skal, både når det gjeld det å varsle og det å undersøke. Men vi finn ikkje at kommunen har ein internkontroll som gir felles standardar på korleis det skal varslast og undersøkast. Der er heller ikkje ein felles standard på korleis ein skal dokumentere varsling og undersøkingar. Skuleeigar hentar ikkje inn data frå skulane som kan vere med på å lage ROS-analyser for området.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport, som er eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Kommunen har sendt inn dokumentasjon på at rettelsete er påbegynt, men kommunen har ikkje uttalt seg om eller komme med innvendingar til innhaldet i rapporten.

I følgje Metodehandboka til Utdanningsdirektoratet (<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/metode-for-tilsyn/avslutningsfasen/forelopig-tilsynsrapport/>) har kommunen rett til å uttale seg om innhaldet i den førebelse rapporten. Det betyr at kommunen kan kommentere Statsforvaltaren si tolking av dei rettslege krava, faktum som er lagt til grunn, Statsforvaltaren sine vurderingar og konklusjonar og dei reaksjonar som vert varsla som aktuelle.

Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 01.10.2021

.

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Kort om kommunen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	4
2	Skulemiljø og internkontroll	5
2.1	Rettslege krav.....	5
2.1.1	Retten til eit trygt og godt skulemiljø og skulen si aktivitetsplikt	5
2.1.2	Kravet til internkontroll	6
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
2.2.1	Plikta til å varsle.....	8
2.2.2	Plikta til å undersøke	11
3	Våre reaksjonar	14
3.1	Pålegg om retting	14
3.2	Oppfølging av pålegga	15
4	De har rett til å klage.....	15
5	Dokument.....	16

1 Innleiing

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om kommunane oppfyller opplæringslova med forskrifter og plikta til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentliglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Sula kommune har 9.409 innbyggjarar og har skuleåret 2020/2021 1.340 elevar i grunnskulen. Kommunen har 4 barneskular og 1 ungdomsskule.

Måseide skule er ein barneskule med 97 elevar. Rektor er også rektor ved Fiskarstrand skule med 120 elevar. Desse to barneskulane skal erstattast med ein ny skule; Røstadmarka skule, som no er under bygging.

For å sikre stadleg leiing har Måseide skule i tillegg til rektor ein assisterande rektor.

Ifølge *Elevundersøkelsen*, som er obligatorisk på 7. og 10. trinn, har kommunen over fleire år hatt relativt høge mobbetal på 7. trinn. Statsforvaltaren opna derfor tilsyn med kommunen for å undersøke korleis kommunen sin internkontroll på området er.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Sula kommune i brev av 27.01.2021. De blei pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er: om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen varslar og undersøker saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. kommunelova § 25-1. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. om kommunen gjennom internkontrollen sikrar at plikta til å varsle blir overhalden, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1
2. om kommunen gjennom internkontrollen sikrar at plikta til å undersøke blir overhalden jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Statsforvaltaren skal undersøke kommunen sin internkontroll og praksis knytte til føresegn i opplæringslova om skulemiljø samstundes.

Dersom Sula kommune og eller Måseide skule ikkje følgjer regelverket, kan vi pålegge retting.

Det er kommunen som skuleeigar som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir overhaldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen (ved kommunedirektøren) har ansvar for å sikre at krava i regelverket blir oppfylt ved å ha internkontroll, jf. kommunelova § 25-1. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at kommunen sjølv eller skulen rettar opp brot på regelverket avhengig av kor brotet ligg.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 27.04.2021. I denne presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

2 Skulemiljø og internkontroll

2.1 Rettslege krav

Kommunen skal gjennom sin internkontroll sørge for at dei som arbeider på skulen oppfyller delpliktene i aktivitetsplikta, jf. opplæringslova (heretter oppl.) §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.

2.1.1 Retten til eit trygt og godt skulemiljø og skulen si aktivitetsplikt

Alle elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. oppl. §§ 9 A-1 og 9 A-2. Retten er individuell, og det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.¹

For å sikre retten til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen ei aktivitetsplikt etter oppl. §§ 9 A-4 og 9 A-5. Aktivitetsplikta inneheld fem delplikter: plikta til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak. Alle som arbeider på skulen, har plikt til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, gripe inn mot krenkingar og varsle dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har ei plikt til å undersøke saka og, så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen må sørge for at involverte elevar blir høyrde, og at kva som er best for elevane, er eit grunnleggande omsyn i arbeidet. Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

Det avgjerande for om aktivitetsplikta er oppfylt, er om skulen har gjort det som det er rimeleg å forvente i kvar og ein del av saksforløpet².

Plikta til å varsle

Alle som arbeider på skulen skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. oppl. § 9 A-4 andre ledd. Tidspunktet for når rektor skal bli varsla, må vurderast konkret i den enkelte sak. Barnet sitt beste vil vere eit viktig moment i denne vurderinga. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenker ein elev, skal rektor bli varsla straks, jf. oppl. § 9 A-5. I tillegg skal rektor varsle skuleeigar. Dersom mistanken eller kjennskapen gjeld ein i leiinga på skulen, skal skuleeigar straks få direkte varsel, jf. oppl. § 9 A-5.

Det blir ikkje stilt noko formkrav til varsla. Skulane må ha løysingar og rutinar for korleis og når varslinga skal skje.³

Plikta til å undersøke saka

¹ Prop. 57 L (2016-2017), punkt 4.5.1

² Prop. 57 L (2016-2017), punkt 5.5.5

³ Prop. 57 L (2016-2017), punkt 5.5.2.3 og 10.1

Skulen skal snarast undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. oppl. § 9 A-4 tredje ledd. Dersom saka gjeld krenking frå ein som arbeider på skulen, skal undersøkingane bli sette i verk straks, jf. oppl. § 9 A-5. Kven på skulen som skal undersøke saka på vegne av skulen, må skulen fastsetje konkret.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar sørgje for at undersøkingane blir sette i gang straks, jf. oppl. § 9 A-5.

Undersøkingane skal ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevane si oppleving og kva for forhold i omgjevnadene til eleven som påverkar korleis han eller ho opplever skulemiljøet. Skulen skal gjere dei undersøkingane som etter ein fagleg standard er rimeleg å forvente i den enkelte saka.⁴ For å kunne setje inn eigna tiltak til barnet sitt beste i ein konkret situasjon, må skulen gjere nødvendige undersøkingar og analysere den informasjonen som er henta inn.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12. At eleven har rett til å bli høyrd i samband med skulemiljøsaker, er òg forankra i oppl. § 9 A-4 femte ledd. Skulen og skuleeigar må oppfylle elevane sin rett til å bli høyrde for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skulen mistenker eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, men òg andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka.

Kor raskt saka skal undersøkast, må vurderast opp mot kva det er rimeleg å forvente etter ei fagleg vurdering. Her er omsynet til barnet sitt beste eit viktig moment. Når det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenker, blir det stilt særleg skjerpa krav til framdrift i saka. Skulen og skuleeigar må undersøke effektivt og så raskt som mogleg.⁵

2.1.2 Kravet til internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at dei oppfyller krava i regelverket om skulemiljø, jf. kommunelova § 25-1 første ledd. Dette fordi internkontrollen er eit verktøy for å sikre at lover og forskrifter blir etterlevde.⁶ Formålet med internkontroll er at kommunen gjennom gode rutinar og systematisk arbeid skal styre den kommunale verksemda, for å gjere tenestene og drifta meir effektiv, med betre kvalitet og større sikkerheit for at lover og forskrifter blir følgde.⁷ Kommunedirektøren er ansvarleg for at kommunen har internkontroll.

Kommunelova § 25-1 lovfestar minstekrav til internkontrollen til kommunen. Kommunen skal arbeide systematisk med internkontroll og tilpasse den til kommunen sitt behov, jf. andre ledd i føresegna. Dette inneber at arbeidet med internkontroll skal gå føre seg kontinuerleg og ikkje basere seg på enkelthendingar eller vere tilfeldig. På opplæringsområdet vil det alltid vere behov for internkontroll. Kommunen skal tilpasse omfanget av internkontrollen basert på risikovurderingar, for å målrette arbeidet der risikoen og behovet er størst. Område med stor risiko for regelverksbrot vil ofte krevje betre styring og kontroll gjennom fleire tiltak, som for eksempel meir standardisering og tettare oppfølging, enn område der det sjeldan sviktar. Samstundes er kravet relativt ut frå korleis kommunen er samansett både demografisk, organisatorisk og geografisk.

Dei nærmare krava til internkontroll går fram av kommunelova § 25-1 tredje ledd bokstav a-e. Dette er krav som går inn det systematiske arbeidet til kommunen.

⁴ Prop. 57 L (2016-2017), punkt 5.5.5

⁵ Prop. 57 L (2016-2017), punkt 5.5.3

⁶ Prop. 46 L (2017-2018) pkt. 23.4.4

⁷ Prop. 46 L (2017-2018) pkt. 23.4.1.1

a. Beskrive hovudoppgåver, mål og organisering

Kommunedirektøren skal beskrive hovudoppgåver, mål og organisering. Beskrivinga må vere eigna til å gi ei oversikt over korleis kommunen har fordelt ansvar, oppgåver og myndigheit, både i kommuneadministrasjonen og på skulenivå.

b. Ha nødvendige rutinar og prosedyrar

Kommunedirektøren skal sjå til at kommunen har innarbeidd nødvendige prosedyrar og rutinar som beskriv korleis oppgåvene skal utførast, slik at dei tilsette gjer det som er planlagt.

c. Avdekkje og følgje opp avvik og risiko for avvik

Kommunedirektøren må jamleg følgje med på område med risiko for svikt og setje inn relevante førebyggjande og risikoreduserande tiltak for å hindre og førebyggje brot på regelverket. Kommunen må ha eit avvikssystem som sikrar at regelverksbrot både blir rapporterte og følgde opp.

d. Dokumentere internkontrollen i den forma og omfanget som er nødvendig

Kva som er nødvendig for kommunen å dokumentere, må kommunen vurdere ut frå risikoforhold i verksemda, storleik, eigenart og aktivitetar, og ut frå målet med internkontrollen som er å sikre at regelverket blir etterlevd.

e. Evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Kommunen må hente inn informasjon og gjennomføre risikovurderingar, og på denne bakgrunn vurdere å setje inn relevante førebyggjande og risikoreduserande tiltak for å hindre og førebyggje regelverksbrot.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

2.2.1 Plikta til å varsle

Varsling etter § 9 A-4

I skulen sin handlingsplan mot mobbing står det under punkt 1.2.1 at alle tilsette straks skal informere impliserte klassestyrar(ar) når dei har observert åtferd som kan vere mobbing. Under punkt 1.3 under «Ansvar for tiltak og informasjon» står det at den som oppdagar eller får mistanke om mobbing, skal sørge for å gi beskjed om saka til eleven sin kontaktlærer. Dersom mistanken om mobbing vert stadfesta, tek kontaktlærer kontakt med foreldre/føresette til mobbeoffer og mobbar(ar), og rektor får melding om saka.

I «Plan for eit inkluderande, trygt og stimulerande læringsmiljø» står det under «Handtering» at melding frå føresette eller andre skal gå til rektor.

I «Prosedyre Opplæringslova 9a – elevane sitt skulemiljø» går det fram av «Plikt til å varsle» at alle som arbeider i skulen skal varsle næraste leiar, som varslar rektor, om ein får kjennskap til eller mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dokumentasjon på at varsel er sendt og motteke blir gjort synleg i aktivitetsplanen, som kontaktlærer har ansvar for å opprette. Det står presisert at rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle. Dette kan vere særleg valdelege krenkingar, at fleire elevar alvorleg krenker ein einskildelev, om skulen ikkje har lykkast i å løyse ei sak, digital mobbing på tvers av skular eller grove trugslar, t.d. på sosiale medium. Prosedyren viser også til eige

«flytskjema» for varslingsrutinar som ligg i RISK og Teams. Flytskjemaet tilseier at ein varslar kontaktlærar når elev, føresette eller andre «varslar om elev», men leiinga blir orientert.

Sula kommune sin nettstad og sidene til kvar einskilde skule har i løpet av den siste tida fått ein eigen «meldeknapp» der ein kan melde frå om ein elev sitt skulemiljø. Skjemaet er utforma slik at både elevar, føresette, tilsette og andre kan varsle. Varselet går til rektor dersom ein ikkje har kryssa av for at eleven kjenner seg mobba av ein i leiinga på skulen. Då går varselet til kommunen. Den som melder, får ei kvittering på e-post. Denne «meldeknappen» er så langt brukt berre 2 gonger i Sula kommune ifølgje kommunalsjefen.

Alle tilsette ved skulen som vi har intervjuet, stadfestar at dei varslar ved all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Dei gir oss eit klart inntrykk av at det er kultur for å varsle så snart som mogleg ved all mistanke, til beste for eleven. Det går fram at assistentane og faglærarar gjerne varslar kontaktlæraren til den eleven det gjeld dersom det er tilhøve i skuletida som utgjør slik mistanke eller kjennskap. Kontaktlærar varslar vidare til assisterande rektor eller rektor. Dersom det er tilhøve i SFO-tida som er grunnlaget for mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, varslar assistentane SFO-leiar, som igjen varslar rektor.

Rektor har ei klar formeining om at dei tilsette på skulen er godt orientert om varslingsrutinar gjennom årleg gjennomgang, og gjennom utviklingsarbeid om skulemiljø som dei tilsette jobbar med igjennom ein «MOOC». Dette er eit nettbasert kompetanseprogram om skulemiljø og krenkingar, utvikla av Høgskolen i Innlandet på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Ho fortel vidare at det derimot ikkje er klart definert kva saker dei tilsette skal varsle om straks, og kor raskt det skal varslast om andre saker. Ho ser med det eit forbettringspotensial på dette området trass i at dei tilsette har ein praksis med å varsle så snart som mogleg.

Dei som jobbar i SFO er kjent med skjemaet «Registrering av hendingar på SFO», og i intervjuet fortel assistentane at dei nyttar dette skjemaet for å dokumentere varsel. Nokre av assistentane ville ha gitt eit varsel skriftleg direkte til rektor. Lærarane viser til Teams og «stafettloggen» for system der dei kan dokumentere at dei har varsla om ein elev sitt skulemiljø. Stafettloggen er eit digitalt system som er utvikla i samband med kommunen si satsing på «Betre Tverrfagleg Innsats for barn og unge».

Rektor på si side fortel at varsling fram til no er dokumentert i sjølve aktivitetsplanen til eleven. Før utarbeiding av ein eventuell aktivitetsplan blir varsla i liten grad dokumentert på ein systematisk måte, og både assisterande rektor og rektor formidlar at dei ser eit behov for å innføre eit eige skjema for varsling. Rektor viser til eit samleskjema i skulen sitt digitale system når vi etterspør korleis skulen har oversikt over alle varsel. Assisterande rektor og rektor kan samskrive i samleskjemaet, og skjemaet viser direkte til dei ulike elevmappene.

Kommunalsjefen svarar at kommunen ikkje har felles rutinar for å dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å varsle i kvar einskilde sak. Kommunen er likevel i gang med å rulle ut «stafettloggen» der lærarane skal dokumentere korleis dei handterer det første varselet om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Både skuleleiinga og kommunalsjef fortel at det ikkje eksisterer noko form for oversikt over talet på varsel om skulemiljø i kommunen. Skulane rapporterer ikkje på dette til kommunen sidan dette ikkje blir etterspurt. Det er heller ikkje rapportert inn tal på oppretta aktivitetsplanar på kvar einskilde skule. Kommunen har ikkje eit system som avdekkjer risiko for at regelverket om varsling ikkje blir etterlevd.

Intervjua med dei tilsette på skulen gir oss eit klart inntrykk av at dei tar varslingsplikta på alvor. Likevel er svara som vi får frå dei tilsette noko sprikande om kven dei varslar

og korleis dei varslar. Dei ulike dokumenta som er sendt inn i tilsynet som fortel noko om varslingsrutinar, stemmer heller ikkje heilt overeins, og kan derfor skape forvirring om varslingslinjer og krav til dokumentasjon. Ein kan også spørje seg om det at kontaktlærar ofte blir eit «mellomledd» i varslinga frå til dømes assistent, kan auke risikoen for at varselet ikkje når fram til rektor.

I aktivitetsplanen for Måseide skule skal ein skrive inn dato for når varslinga vart mottatt. Oppretting av ein aktivitetsplan kan dermed seiast å også vere ein dokumentasjon på eit varsel. Dei som ikkje har ansvaret for å opprette aktivitetsplanen, har derimot ikkje det same høvet til å dokumentere at dei har varsla om mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Det blir då opp til den einskilde medarbeidar korleis ein eventuelt dokumenterer varsling. Fleire av dei tilsette uttrykker dessutan i intervjuet med oss usikkerheit på kvar dei skal dokumentere ei varsling.

Dersom ein nyttar «meldeknappen» på Sula kommune sin nettstad, blir det sendt ei kvittering på e-post. Slik får den som varslar via dette systemet, faktisk dokumentert meldinga.

Samla viser dokumentasjonen i tilsynet og informasjon frå intervjuet at Sula kommune per i dag ikkje har innarbeidde prosedyrar og rutinar for varsling som er eintydige nok til å oppfylle krava i varslingsplikta etter § 9 A-4.

Kommunen har ikkje prosedyrar i sin internkontroll for å følgje med på om dei som arbeider på skulen overheld varslingsplikta. Det manglar også system for å fange opp avvik på varslingsplikta, og dermed følger kommunen heller ikkje opp med å iverksette tiltak for praksisendring ved skulane.

Konklusjon: Dei tilsette ved skulen varslar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Internkontrollen til kommunen sikrar derimot ikkje at det er rektor som blir varsla i alle saker etter § 9 A-4. Kommunen manglar eintydige rutinar på *kven* ein skal varsle, *når* ein skal varsle, *korleis* ein skal varsle og korleis ein skal *dokumentere* at ein har varsla. Kommunen har ikkje eit system for å vurdere risiko for at varslingsplikta etter § 9 A-4 ikkje vert følgt.

Varsling etter § 9 A-5

I skulen sin handlingsplan mot mobbing står det under punkt 1.2.1 at det er rektor som skal handsame eventuelle klager på tilsette ved skulen som omhandlar mobbing. Det står likevel ikkje presisert at det er rektor som skal ha direkte varsel dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett på skulen har krenkt ein eller fleire elevar. Det står heller ingenting i handlingsplanen om kven eller korleis ein skal varsle dersom det er ein i skuleleiinga som krenker ein elev.

I «Plan for eit inkluderande, trygt og stimulerande læringsmiljø» står det under «Handtering» at kommunalsjefen skal varslast «umiddelbart» dersom ein elev vert krenkt av ein tilsett i skulen. Det er ikkje presisert kven som er ansvarleg for å varsle til kommunalsjefen.

I «Prosedyre Opplæringslova 9a – elevane sitt skulemiljø» finn vi følgjande under «Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen krenkar ein elev § 9a-5»:

«Ved mistanke eller kjennskap til at ein som arbeider ved skulen utsett ein elev for krenking skal rektor varslast STRAKS.

Rektor skal varsle skuleeigar. (...)

Rektor må dokumentere at varsel er sendt og motteke.»

Det står presisert i prosedyren at dokumentasjon skal inn i Acos, i elevmappe og i den tilsette si mappe. Prosedyren seier ingenting om kven eller korleis ein skal varsle dersom det er mistanke om at ein i skuleleiinga krenker ein elev.

I «Flytskjema – kven gjer kva når skulen mottok meldingar etter kap. 9a-3 og 9a-5» går det fram at leiinga skal varslast dersom ein elev, føresett eller andre melder frå om at ein tilsett krenker. Der går det også fram at kommunalsjef skal orienterast, og at leiinga er ansvarleg for å følgje opp varsel. Flytskjemaet viser også at det er kommunalsjef som skal varslast dersom ein får melding om at det er nokon i skuleleiinga som er mistenkt for å krenke elevar. Det er ikkje eksplisitt uttrykt kven som har ansvaret for at kommunalsjef vert varsla, eller korleis slik varsling skal verte gjennomført eller dokumentert.

Dersom dei som melder om ein elev sitt skulemiljø etter § 9 A-5 nyttar «meldeknappen» på Sula kommune sin nettstad, er det sikra at varselet kjem fram til rette vedkomande. Når ein kryssar av at eleven kjenner seg mobba av ein i leiinga på skulen, går meldinga ikkje til rektor, men direkte til kommunen v/kommunalsjefen.

Assistentar og lærarar ved Måseide skule uttrykker at dei er sikre på kven dei skal varsle dersom dei står overfor saker etter § 9 A-5. Rektor har gått igjennom reglane rundt varsling med dei tilsette, og alle svarar at dei vil varsle leiinga/rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen, og at dei vil varsle skuleeigar/oppvekstsjef/kommunalsjef om det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga.

Dei tilsette gir oss eintydige svar når vi spør om varslingsplikta etter § 9 A-5, og Statsforvaltaren ser det som sannsynleg at dei tilsette vil varsle til rett tid og til rette vedkomande når dei står overfor kjennskap til eller mistanke om at ein tilsett eller ein i skuleleiinga krenker ein eller fleire elevar.

Dei ulike dokumenta til skulen og kommunen som omtalar varslingsplikta, gir derimot i stor grad ufullstendig informasjon om kven som skal varsle, kven ein skal varsle og korleis ein skal varsle etter § 9 A-5. Det er spesielt tilfelle som gjeld krenking frå ein i skuleleiinga som ikkje er komplett skildra i rutineane. Når fleire styrande dokument omtalar varslingsplikta ulikt, kan dei tilsette bli usikre på kva rutinar/prosedyrar som er gjeldande. Dette kan vidare føre til feil lovforståing og praksis, og er noko som kommunen bør rette opp snarast mogleg.

Når det gjeld det som går på utveksling av informasjon mellom skulane og kommunen, rapportering og internkontroll som går på varsling etter § 9 A-5, ser vi at manglane som er omtala i avsnittet om varsling etter § 9 A-4, også omfattar § 9 A-5.

Konklusjon: Det er godtgjort at dei tilsette på skulen varslar rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett på skulen har krenkt ein eller fleire elevar. Det er godtgjort at dei tilsette på skulen varslar direkte til skuleeigar dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein i skuleleiinga har krenkt ein eller fleire elevar. Dei skriftlege prosedyrane og rutineane til skulen og kommunen dekkjer ikkje alt det som varslingsplikta etter opplæringslova § 9 A-5 inneber. Kommunen har ikkje eit system for å vurdere risiko for at varslingsplikta etter § 9 A-5 ikkje vert følgt.

2.2.2 Plikta til å undersøke

Undersøkingar etter § 9 A-4

På Måseide skule vert det tatt tak i alle varsel etter § 9 A-4 fortløpande, og det vert sett i gang undersøkingar. Ofte er det også gjort ein type undersøking før det vert varsla, dette for å avklare om det er ei sak som skal varslast eller ei. Dette vert bekrefta av tilsette under intervju. Det er som oftast kontaktlærer som gjer undersøkingane. Og oftast så handlar det om å få fram fakta i saka; snakke med dei som er involvert og eventuelt observere samspelet mellom elevane i ei periode. Dei tilsette fortel at det sit i ryggmargen kva dei skal gjere.

I «Handlingsplan mot mobbing» datert 22.04.2016 og revidert 20.03.2018, finn ein spor av at ein skal undersøke saker, men det går ikkje klart fram kva for undersøkingar som skal finne stad.

I «Plan for eit inkluderande, trygt og stimulerande læringsmiljø Opplæringslova kapittel 9A» er det på side 4 ei deloverskrift «Korleis undersøke?» som inneheld 6 kulepunkt, men det er ikkje nemnt kva ein skal undersøke.

I «Prosedyre Opplæringslova 9a – elevane sitt skulemiljø» under punktet om «Plikt til å undersøke» er det lista opp kva undersøkinga kan innehalde.

I «Flytskjema – kven gjer kva når skulen mottok meldingar etter kap 9a-3 og 9a-5» står det i elev varslar om elev:

«Kontaktlærer gjennomfører undersøking etter prosedyrar»

I dei aktivitetsplanane etter § 9 A-4 som er lagt fram er det satt av eit felt til «Informasjon om undersøkelene skolen har gjort» som skal fyllast ut. I tillegg har skulen sendt inn notat frå samtaler med elevar og føresette, loggar og anna som vedkjem plikta til å undersøke.

Skulen har fram til no, ikkje hatt noko fast og sikkert system for lagring av dokumentasjon fram til aktivitetsplanen er lagt inn i kommunen sitt sak- arkivsystem. Men det er no sett i gang opplæring og bruk av digital stafettlogg som ein del av kommunen si satsing på «Betre Tverrfagleg Innsats for barn og unge».

Etter å ha lese dokumentasjon frå skulen og kommunen og intervju assistentar, lærarar, leiinga ved skulen og kommuneleddet meiner Statsforvaltaren at dei tilsette ved skulen gjennomfører dei undersøkingar som med rimelegheit kan forventast. Det står om undersøkingar i fleire dokument, eitt av desse er datert, mens dei andre ikkje er datert. Det er også uklart om fleire av dokumenta er gjeldande for Måseide skule aleine, eller om det er gjeldande for alle skulane i kommunen. Etter intervju sit Statsforvaltaren igjen med eit inntrykk av at det i dei ulike dokumenta bør komme tydelegare fram korleis ein skal undersøke og kven som skal setje i verk og gjennomføre undersøkingar. Kommunen bør dessutan gjere slike dokument gjeldande for alle skulane i kommunen. Undersøkingar som vert gjort vert dokumentert, men det er noko sprikande kor dokumentasjonen vart lagra fram til aktivitetsplanen er oppretta. Det ligg heller ikkje føre kommunale rutinar for kva og korleis undersøkingar skal dokumenterast og lagrast. Dette må det snarast rettast på, sjølv om ein no skal innføre bruk av sikker stafettlogg.

Kommunen har ikkje prosedyrar på å følgje opp kvar skule, og samle inn informasjon som kjem fram i undersøkingane. Ei heller eit system som fangar opp avvik dersom plikta til å undersøke vert broten på skulane. Det ligg heller ikkje føre ROS-analyser på området.

Konklusjon: Skulen gjennomfører snarast dei undersøkingar som med rimelegheit kan forventast, dersom nokon som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at

ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Men når det gjeld kommunen sin internkontroll på området, er ikkje den tilfredsstillande og det manglar gjennomgåande rutinar på kva som skal undersøkast og korleis det skal dokumenterast og lagrast.

Undersøkingar etter § 9 A-5

I «Handlingsplan mot mobbing» datert 22.04.2016 og revidert 20.03.2018, står det på side 5:

«Rektor skal:

** handsome eventuelle klager på tilsette ved skulen som omhandlar mobbing»*

I «Plan for eit inkluderande, trygt og stimulerande læringsmiljø Opplæringslova kapittel 9A», står det på side 4:

«Om ein elev vert krenka av ein tilsett i skulen, skal kommunalsjefen varslast umiddelbart (jfr. § 9 A-5 og Forskrift om ordensreglar for grunnskulen i Sula).»

I «Prosedyre Opplæringslova 9a – elevane sitt skulemiljø» under punktet om «Plikt til å varsle, undersøke og sette i verk tiltak ved mistanke om at tilsett utsett elev for krenking» er det lista opp kva undersøking og tiltak som skal settast i gang raskt.

I «Flytskjema – kven gjer kva når skulen mottok meldingar etter kap 9a-3 og 9a-5» står det i elev varslar om tilsett:

«Leiinga gjennomfører undersøking etter prosedyrar»

Rektor skriv i samband med innsending av dokumentasjon:

«Skjerpa aktivitetsplikt § 9a-5

...

Det å ha gode og tydelege prosedyrar og rutinar på dette er viktig og her har vi eit forbetningspotensiale. Alle tilsette har kjennskap til plikta om å varsle, men kva dette betyr når vi plutselig står i situasjonen er nok ikkje like godt kjent for alle. Erfaringane våre er at vi manglar å finne den gode balansen mellom plikta til å varsle gjennom opplæringslova, samtidig som at vi greier å ivareta arbeidstakaren godt gjennom bestemmingane i arbeidsmiljølova.»

Rektor utdjupar dette i intervju og vedgår at det ikkje alltid er lett å vite kva ein skal gjere om ein hamnar opp i ei sak etter § 9 A-5 sjølv om rutinar og prosedyrar er klare og gått igjennom i «fredstid».

Etter å ha intervjuet skuleleiinga og kommunalsjef og lese innsendt dokumentasjon er Statsforvaltaren av den oppfatning at leiinga gjennomfører dei undersøkingar som med rimelegheit kan forventast. Men det er ikkje fullt ut dokumentert korleis kommunalsjefen vert orientert om kva for undersøkingar som vert gjort og om resultatet av desse. Statsforvaltaren sit igjen med eit inntrykk av at det bør ryddast også i dei ulike dokumenta som handlar om undersøkingsplikta. Kommunen bør dessutan gjere slike dokument gjeldande for alle skulane i kommunen.

Undersøkingar som vert gjort vert dokumentert. Det ligg derimot ikkje føre kommunale rutinar for kva og korleis undersøkingar skal dokumenterast og lagrast.

Kommunen har ikkje prosedyrar på å følgje opp kvar einskild skule, og for å samle inn informasjon som kjem fram i undersøkingane. Kommunen har ikkje eit system som fangar opp avvik dersom plikta til å undersøke vert broten på skulane og det ligg heller ikkje føre ROS-analyser på området.

Når det vedkjem saker etter § 9 A-5 der skuleleiinga vert mistenkt for, eller har krenka, er det ikkje lagt fram dokumentasjon som syner korleis kommunalsjef skal undersøke og dokumentere dette. Kommunalsjefen veit kva som skal gjerast, med det finst ikkje skriftlege rutinar på dette området.

Konklusjon: Skulen gjennomfører snarast dei undersøkingar som med rimelegheit kan forventast dersom nokon som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett har krenka ein elev. Men når det gjeld kommunen sin internkontroll på området er ikkje den tilfredsstillande og det manglar gjennomgåande rutinar på kva som skal undersøkast og korleis det skal dokumenterast og lagrast. Kommunen har heller ikkje rutinar for korleis kommunalsjefen skal undersøke og dokumentere varsel etter § 9 A-5 der skuleleiinga vert mistenkt for, eller har krenkt ein elev.

3 Våre reaksjonar

3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Det er kommunen som er ansvarleg for at skulen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Kommunen sin internkontroll må sikre plikta til å varsle

1. Kommunen skal gjennom internkontrollen sikre at alle som arbeider på skulen varslar til riktig nivå og raskt nok, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Sula kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. dei har rutinar for å dokumentere kva som er gjort for å oppfylle plikta til å varsle i den einskilde saka
- b. dei følgjer med på om alle som arbeider på skulen varslar
- c. dei set inn tiltak for å endre praksis dersom dei avdekker at dei som arbeider på skulen ikkje varslar i samsvar med regelverket
- d. dei følgjer opp om iverksette tiltak fører til at praksis blir endra i tråd med regelverket.

Kommunen sin internkontroll må sikre plikta til å undersøke

2. Kommunen skal gjennom internkontroll sikre at skulen gjer dei undersøkingar som ut frå fagleg standard med rimelegheit kan forventast, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Sula kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. dei må gjere det tydeleg kven som skal setja i verk og gjennomføre undersøkingar i skulemiljøsaker
- b. dei må ha rutinar for at skulen og skuleeigar gjennomfører dei undersøkingar som med rimelegheit kan forventast
- c. dei må ha rutinar for å dokumentere kva som vert gjort for å oppfylle plikten til å undersøke i den einskilde sak
- d. dei må følgje med på om undersøkingar vert gjennomført etter regelverket
- e. dei må sette inn tiltak for å endre praksis der det er avdekka at skulen eller skuleeigar ikkje undersøker etter regelverket
- f. dei må følgje opp at tiltaka dei har satt inn for å sikre etterleving av regelverket har tilstrekkeleg effekt.

3.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 01.10.2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

4 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Molde 01.06.2021

Kristin Sundsbø, rådgivar

Einar Hernborg, tilsynsleiar

5 Dokument

Følgande dokument blei nytta under gjennomføringa av tilsynet

- Nulltoleranse og forebyggjande arbeid
 - Slik gjer vi det ved Måseide skule
 - Aktivitetskalender
 - Handlingsplan mot mobbing
 - Plan for trygt, inkluderande og stimulerande læringsmiljø
 - Eg og dei andre – innleiing til planen
 - Eg og dei andre
- Informasjonsplikt 9a-9
 - Informasjon til tilsette:
 - Prosedyre for handtering av kap 9A
 - Informasjon til føresette:
 - Powerpoint foreldremøte 2019
 - Powerpoint foreldremøte 2020
 - Samarbeidshäfte Måseide
- Plikt til å følgje med:
 - Oversikt over system/verktøy vi nyttar
 - Ordensreglar vedteke av SAMU 2020
 - Vaktplan
 - Radar for fagleg og sosial utvikling
 - Registrering av hendingar på SFO
- Plikt til å varsle:
 - Flytskjema
 - Organisasjonskart, kommunenivå
 - Delegeringsreglement for Sula kommune
- Plikt til å undersøke:
 - BTI-rettleiar
- Plikt til å setje inn tiltak:
 - Mal for aktivitetsplan
- Kompetanseheving tilsette
 - Disposisjon studiedagar 2019-2020
 - Disposisjon studiedagar 2019-2020
 - Plan for utviklings- og tematid, haust 2020
 - Plan for utviklings- og tematid, våren 2021
 - MOOC – prosjektplan for arbeid med modul a
 - MOOC – prosjektplan for arbeid med modul C
- Systemsak
- Fleire aktivitetsplanar med vedlegg

- Sula kommune – bruk av Risk manager og 1310.no
- Internkontroll, 1310 – sett frå rektor si innlogging

- Tilbakemelding på førebels tilsynsrapport

Det vart gjennomført stadleg tilsyn via Teams 16. mars 2021.


Det vart gjennomført gruppeintervju med:
assistentar, lærarar i småskulen, lærarar på mellomtrinnet og skulefagleg rådgivarar i kommunen.

Det vart gjennomført intervju med:
assisterande rektor, rektor og kommunalsjef.

Det vart gjennomført gruppesamtalar med:
elevar på 4. og 7. trinn.

STATSFORVALATERN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 02/22	Sula kontrollutval	30.03.2022

Forum for kontroll og tilsyn FKT - konferanse Kløfta 8.-9.06.2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Samandrag:

Forum for kontroll og tilsyn arrangerer fagkonferanse for kontrollutvala 8.- 9. juni 2022 på Kløfta.

Påmeldingsfrist er 19. april.

Tema for konferansen som er skissert er:

- Kontrollutvalet som bestiller
- Henvendelser til kontrollutvalget
- Habilitet og rolleklarhet
- Varslingsystem i kommuner
- Kommunedirektørens internkontroll

Pris: 6900 for medlemmer og 7300 for andre.

I kontrollutvalet si budsjetttramme 2022 som vart oversendt kommunestyret i fjor haust, er det sett av budsjett til opplæring og kurs.

Om kommunen vel å bli medlem i Forum for kontroll og tilsyn så får ein nytte medlemsprisen og samtidig få tilgang på nyttig informasjon og fagkunnskap frå forumet seinare.

Meir informasjon i vedlagt program. Påmelding skjer her: <https://www.fkt.no/konferanser-og-seminar/fagkonferansen-8-9-juni-2022/>

Vedlegg



Forum for
kontroll og tilsyn

FAGKONFERANSE / ÅRSMØTE

Velkommen!

8. – 9. juni 2022, Lily Country Club

GARDERMOEN

8. — 9. JUNI

Onsdag 08. juni

- 09:00 Registrering med mat
- 10:00 Velkommen til fagkonferansen
Tage Pettersen, styreleder / FKT
- 10:05 Åpningsinnlegg om lovlighetskontroll (ikke avklart)
Peter Frølich (H), leder Kontroll- og konstitusjonskomiteen / Stortinget
- 10:45 Kontrollutvalgets involvering i arbeidet med risiko- og vesentlighetsvurderinger (ROV) og planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
Frode Løvlie, manager / Deloitte
- 11:30 Pause
- 11:45 Kontrollutvalgets involvering i bestilling av forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen
Kjartan Haugsnes og Roald Breistein, seniorrådgjevarar / Vestland fk. sekretariatet for kontrollutvalet
- 12:30 Kort pause
- 12:35 Paneldebatt: Hvorfor er det viktig at kontrollutvalget er en god bestiller?
- 13:00 Lunsj
- 14:00 Habilitet og dobbeltroller
Erik Magnus Boe, professor emeritus / UiO
- 14:45 Pause
- 15:00 Forts. Habilitet og rolleklarhet - Krav til forsvarlig systeminnretning i forvaltningen (til 15.45)

Onsdag 08. juni / Årsmøte

- 16:00 Registrering til årsmøte 2022
- 16:15 Årsmøte 2022
- 17.15 Fri tid (se omtalen bak av hva hotellet har å by på)
- 19:45 Aperitiff
- 20:00 Felles middag på hotellet

Torsdag 09. juni

- 09:00 Ny veileder - håndtering av henvendelser til kontrollutvalget
Solveig Kvamme, rådgivar / Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS
- 09:45 Pause
- 10:00 Krav til varslingsystem i kommunen
Berit Weum Brenne, seniorinspektør / Arbeidstilsynet
- 11:00 Lunsj
- 12:00 Varslingssystemet i Fredrikstad kommune
Rita Holberg, kontrollutvalgsleder / Fredrikstad kommune
- 12:20 Kort pause
- 12:30 Ny veileder - Hva er internkontroll etter kommuneloven?
Siri Halvorsen, avdelingsdirektør / Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- 13:15 Pause
- 13:30 Økonomisk internkontroll i praksis. Funn og erfaringer fra revisors arbeid
Fornavn Etternavn, tittel / KomRev NORD
- 14:20 Skråblikket
Ole Martin Ihle / Sammen med Harald Eia står Ole Martin Ihle bak TV-program som Hjernevask, Brille og Sånn er Norge
- 14:50 Avslutning
Tage Pettersen, styreleder / FKT

Påmelding

FRIST: 19.APRIL 2022

Bindende påmelding* på www.fkt.no innen tirsdag 19. april 2022.
Det tas forbehold om endringer i programmet.

Deltakeravgift

Deltakelse m/ overnatting** (helpensjon):

Kr 6 900 (*Ikke medlem kr 7 300*)

Ekstra overnatting fra 7. – 8. juni: Kr 1 090

.....

.....

*Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr 500 i tillegg til eventuelle kostnader FKT får til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltakeravgift.

**FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).

Praktisk informasjon

ÅRSMØTET

Årsmøtet er åpent for alle, men det er kun medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) som har tale-, forslags- og stemmerett.

Innmelding av saker

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet senest seks uker før årsmøtet, innen 27. april 2022.

Utsending av sakspapir

Styret sender ut sakspapirene senest to uker før årsmøtet, innen 25. mai 2022.

Medlemskap

Dersom din kommune/ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 25. mai 2022.

Kontakt

Leder i valgkomiteen:

Arild Røen, leder kontrollutvalget
Samnanger kommune |
arild.roen@dnb.no | 917 80 106

Ønsker du mer informasjon eller medlemskap i FKT? Besøk www.fkt.no eller kontakt sekretariatet v/generalsekretær Anne-Karin Femanger Pettersen på telefon +47 414 71 166 eller fkt@fkt.no.

FØR MIDDAG

Hotellet kan by på spa med basseng, varm og kald kulp, badstue, tyrkisk dampbad og stilleområder.

Treningsrom

Muligheter for å gå tur i landlige omgivelser.

Hotellets nærmeste nabo er Miklagard Golfklubb.

FREMKOMST

[Lily Country Club](#),
Væringvegen 44, 2040 Kløfta

Hotellet ligger like ved Shell stasjonene i Kløfta krysset ved siden av Miklagard golfklubb.

Fra Oslo lufthavn, Gardermoen:
Ca. 20 minutter med shuttle buss via Kløfta stasjon. Pris per vei kr.100.

Se [Avgangstider](#)

PARKERING

180 parkeringsplasser. Pris pr døgn er max 130 kroner for sammenhengende parkering og 38 NOK per påbegynt time. 10 stk el-ladestasjoner, samt 10 HC-plasser. Ladning mot avgift.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 04/22	Sula kontrollutval	30.03.2022

Henvending om manglande svar frå kommunen til innbyggjar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om ei orientering på neste møte, om kva rutine kommunen har for å svare på henvendingar frå innbyggjarane.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet får tid om anna henvendingar som det kan vere aktuelt å sjå nærare på. Slike henvendingar kan vere viktige informasjonskjelder for det arbeidet kontrollutvalet skal gjere med å utøve kontroll og tilsyn på vegne av kommunestyret.

Med dette som utgangspunkt vert henvendinga frå Aannø lagt fram for kontrollutvalet i møtet 30.mars 2022, som melding til vitande.

Kommunelova stiller strenge krav til korleis saker skal behandlast i eit folkevald organ. Det som skjer i eit offentleg organ skal vere ope for inn byggjarane og gje høve til innsyn i notid og i ettertid.

Folkevalde organ skal behandle saker og treffe vedtak i møter (kompl. §11-2, første ledd). Å starte behandling og drøfting av ei sak eller eit tema via ein e-postrunde er ikkje i tråd med det som kommunelova gjev høve til. Kontrollutvalet er eit kollegium som gjer sine vurderingar i fellesskap i dei ordinære og opne møta.

Det er kun der ei sak hastar at ein kan behandle den skriftelig (jf. kompl. §11-8, andre ledd). Det skal ligge føre sakspapir på vanleg måte for å behandle ei sak i eit skrifteleg møte. Om det er noko som hastar eller andre høve som krev det så kan leiar eller 1/3 av medlemmane sjølvstøtt be om eit ekstraordinært møte.

For å kunne ivareta god forvaltningsskikk er det viktig at henvendingar til kontrollutvalet vert sendt til sekretariatet for lovpålagt journalføring. Vurderinga og diskusjonen om kva kontrollutvalet vil gjere med henvendinga vidare skjer i dei ordinære møta.

Eitkvart medlem av kontrollutvalet kan alltid stille spørsmål eller ta opp eit tema direkte i møtet, som vert protokollført. Utvalet kan då vurdere om dei vil sjå nærare på det som vert tatt opp og få ei saksutgreiing til eit seinare møte, eller legge det vekk.

Vurdering:

Kontrollutvalet bør i møtet gjere ei vurdering av innhaldet i denne aktuelle henvendinga knytt til eit lesarinnlegg i Sulaposten. Utvalet bør vurdere og drøfte om kontrollutvalet skal prioritere å gå vidare på det innlegget peikar på.

Det kan gjerast enten ved først å bestille ei orientering frå kommunedirektør eller å be om ei saksutgreiing til neste møte for og kunne vurdere bestilling av ei anna type kontrollhandling. Kontrollutvalet kan også velgje å ta henvendinga til vitande og med det ikkje gå nærare inn på det henvendinga tek opp.

Vedlegg

Lesarinnlegg i Sulaposten 27.01.2022 - kopi

E-postdialog i kontrollutvalet om henvending ut frå lesarinnlegg

Forslag til bestilling - frå leiar i kontrollutvalet

Får ikke svar fra Sula Kommune

I Sulaposten i det siste har det stått mye om Gondolsaken og om kloakkrensaneanlegget på Kvasnes. I begge sakene er det mange som er opprørte og bekymra for om dette blir vedtatt og om hjemmene deres vil bli ødelagte. Alle forstår frustrasjonen og det er nok ingen som ønsker å få hverken gondol eller kloakkrensaneanlegg rett utenfor stuedøra.

Sula kommune og den private aktøren lover at de berørte skal bli tatt med på råd og bli godt tatt vare på under hele prosessen. Jeg håper for deres skyld at de snakker sant.

I disse sakene er det mange som blir berørte og de står sterke sammen og får mye medieoppmerksomhet. Men det er også mange andre privatpersoner som lider under Sula kommunes forskjellige planer og luftslott. Vi roper ikke så høyt i media, men er like fortvila. Nå synes jeg det var på tide og fortelle litt om vår situasjon.

Private aktører i Ålesund fikk en ide om å bygge en tunnel under Borgundfjorden. Det ble først kjent i 2007, altså snart 15 år siden. Som et resultat av disse vidløftige planene vedtok Sula kommune bygge- og deleforbud på Vedde. Vår gård og hjemsted gjennom flere generasjoner, ble båndlagt. Og det akkurat når den skulle overtas og deles av 6 søsken. Resultatet er at vi ikke har hatt råderett over vår eiendom i

disse årene. I seks år var det bygge og deleforbud. Da måtte vi bare vente mens kommunen skulle lage en ny reguleringsplan. Men de har fortsatt ikke klart å lage en ny plan.

Etter hvert har alle skjønnet at tunellen ikke blir realisert med det første, men allikevel får ikke vi råderetten tilbake. Sula kommune har bestemt seg, de vil ha området. Vi har sett på direktesendte møter i kommunestyret på Facebook at ordføreren selv sier at dette er et veldig attraktivt område for industrien. Og industrien på Sula trenger mer areal.

Vi har sendt brev på brev, uten å få svar. Vi har virkelig prøvd å ha en saklig dialog med dem, men det er som å stange hodet i en vegg. Det hjelper ikke. Vi får nesten aldri et skriftlig svar, kun muntlige. Svar som er umulig å etterprøve. De svarer det samme hver gang. De lover å rydde opp og at vi skal få en avklaring på hva som skal skje med eiendommen vår.

I oktober 2018 sendte vi brev og ba om innsyn i en sak fordi vi hadde oppdaget på nettsiden deres at det hadde vært ett møte vedr regulering i Veddevika. Det var selvfølgelig av stor interesse for oss som grunneiere. Da vi ikke fikk svar, etter gjentatte purringer, gikk vi til Sulaposten som skrev om problemet i februar 2019 med at vi ikke får svar. Da svarte kommunen at alle

skal få svar, og at de skulle prøve å bli flinkere. Sulaposten hadde funnet ut at Sula Kommune lå på 395. plass av 422 kommuner i forhold til å svare. De hadde også fått klage fra Sivilombudsmannen pga dette. Vi har fortsatt ikke fått svar på denne henvendelsen.

Etter at vi har hatt møter, ber vi om møtereferat, men det får vi aldri, til tross for flere purringer. For eksempel så hadde vi i februar 2020 ett møte med kommunen, der ordfører, kommunedirektør, saksbehandler, kommuneadvokat og en person som skulle skrive referat var til stede, og vi ba om møtereferat dagen etter. Vi purret med jevne mellomrom. Til slutt ber vi advokaten vår ta over. Han får etter flere purringer svar i juli om at møtereferatet er klart, men det må godkjennes internt før de sender det til oss. Dette møtereferatet har vi fortsatt ikke mottatt. Er det en uthalingsteknikk de bedriver, eller er ikke Sula kommune i stand til å svare på henvendelser fra publikum? Eneste vi oppnår er at advokatene på hver side får mer å henge fingrene i.

Så vi er altså seks enkeltmennesker som har kjempet for vår eiendom i snart 15 år. Det er veldig trist å se barndomshjemmet sitt forfalle og vite at det er ingen vits å gjøre noe vedlikehold, fordi man vet rett og slett ikke hva som vil skje.

En ting er bygningene, men vi blir også fratatt mange muligheter med området som vi er så glade i.

Mitt poeng er at når en kommune vil sikre seg områder for utvikling av f.eks. industri, så må de behandle grunneierne med respekt og holde de informert om hva som skjer. Prosessene som settes i gang bør også bli prioritert og forsøkt løst så fort som mulig. Ikke båndlegg eiendommer i årevis. Vi forstår at en kommune trenger areal, og at det alltid vil være noen grunneiere som må ofre sine eiendommer for at kommunen skal utvikle seg. Men hvis man forsøker å ha en god dialog og man prøver å ivareta de berørte, så kunne kanskje prosessene gått litt mindre smertefullt. For de det gjelder er det fryktelig vanskelig å leve med uvissheten så lenge, og det resulterer i helseplager og redusert livskvalitet. Vår sak havner nå i retten, da det ikke er mulig å forholde seg til Sula kommune.

Det er viktig at vi får oppmerksomhet rundt disse sakene i media, og jeg håper at alle berørte, både i Gondolsaken, Kvasnessaken og Veddesaken vil få en rettferdig behandling til slutt.

Utflytta sulamitt
ELSE BANDI VEDDE

Emne: VS: Neste møte i KU

Kopi: Gunvor Reistad Aannø (gunvor.aanno@mimer.no) <gunvor.aanno@mimer.no>, aslak.digernes@ledertrends.no, Inger Øien (inger.oien@alesund.kommune.no) <inger.oien@alesund.kommune.no>, Svein Olav Værnes (svein.vaernes@sula.kommune.no) <svein.vaernes@sula.kommune.no>

Til: Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Sendt: 31.01.2022 13:22:45

Fra: Skodje Olav <Olav.Skodje@sundolitt.com>

Hei Bjørn

Sula Kontrollutval ynskjer at vi ser på denne saka påvårt neste møte i kontrollutvalet, sjå mailrekke under. Kontakt meg gjerne om det er noko du treng fleire opplysningar om.

Med venleg helsing

Olav Skodje
-leiar-
Sula Kontrollutval
Mob. 91388838
www.kontrollutval.no

Fra: Skodje Olav

Sendt: 30. januar 2022 15.04

Til: Gunvor Reistad Aannø (gunvor.aanno@mimer.no) <gunvor.aanno@mimer.no>; Svein Olav Værnes (svein.vaernes@sula.kommune.no) <svein.vaernes@sula.kommune.no>; Inger Øien (inger.oien@alesund.kommune.no) <inger.oien@alesund.kommune.no>; aslak.digernes@ledertrends.no

Emne: VS: Neste møte i KU

Til medlemmane i Sula Kontrollutval.

Gunvor tek opp eit tema som er viktig, og vi har sett teikn til at Sula Kommune sin internkontroll ikke er tilfredsstillande på dette området. Det er fleire saker der innbyggjarane tek opp manglande svar frå kommuneadministrasjonen, sist i Sulaposten var der eit lesarbrief om ei slik sak (sjå vedlegg)

Eg meiner at dårleg praksis på dette området er til frustrasjon for innbyggjarane og fører til manglande innsyn og offentlegheit. Sula Kontrollutval kan velje å sjå på denne praksisen og om her også manglar internkontroll på området.

Eg støtter framlegget til Gunvor. Dersom dykk andre også gjer det, ver vennleg å gje meg ei tilbakemelding. Då sender eg dette over til sekretariatet og bed dei ta med dette til vårt neste møte.

Med venleg helsing

Olav Skodje

-leiar-
Sula Kontrollutval
Mob. 91388838
www.kontrollutval.no

Fra: gunvor.aanno@mimer.no <gunvor.aanno@mimer.no>
Sendt: 28. januar 2022 21.12
Til: Skodje Olav <Olav.Skodje@sundolitt.com>
Emne: Neste møte i KU

Hei Olav!

Foreslår at vi tar en kort drøfting under eventuelt. Hvis vi ønsker å gå videre med temaet, kan vi kanskje mekke litt på en tekst for oversendelse til kommunedirektøren, se vedlegg.

Du avgjør om vi sender noe videre til Bjørn.

God helg!

Vennlig hilsen Gunvor



Virusfri. www.avg.com

Til kommunedirektøren i Sula.

Frå tid til anna kan vi i Kontrollutvalet få ulike spørsmål frå innbyggjarane i Sula. Ikkje sjeldan kjem det fram synspunkt på kommunikasjonen, eller manglande kommunikasjon med kommunen. Nokon er kritisk til at spørsmål ikkje vert besvart, eller at søknader kjem seint til handsaming.

Vedlagt følgjer eit døme frå ein sulalending, som skreiv i Sulaposten 27.1.22.

Sula kontrollutval ønskjer ein gjennomgang av kommunen sin kommunikasjonsstrategi, både sett i lys av forvaltningslova sine krav og innbyggjarane sine forventningar til ein serviceinnstilt kommune.

Frist: Innan utgangen av mai 2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 09/22	Sula kontrollutval	30.03.2022

Handsaming av skisse forvaltningsrevisjon barnevernet

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av sakshandsaming innanfor barnevernet i Sula kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektplanen.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunn:

Frå møteprotokollen til Sula kontrollutval 25. januar 2022:

Sula kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon sakshandsaming barnevern i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggst fram på neste møte i Sula kontrollutval som er 30. mars 2022 og skal være grunnlaget for endeleg rapport.

Vurdering:

Vedlagt ligg eit forslag til projektskisse frå Kurt Løvoll i kommunerevisjonen. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Det er også mogleg å diskutere nærare denne skissa i møtet og kome med innspel. Kontrollutvalet i

Sula kommune bør derfor vedta forslag til skisse og starte opp arbeidet med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

Dersom utvalet ynskjer vesentlege endringar i prosjektskissa som er lagd fram, vil det vere naturleg å be revisor om å utarbeide ein revidert skisse som kan handsamast på etterfølgjande møte. Dersom dette medfører store forseinkingar, kan kontrollutvalet gje kontrollutvalsleiar, eventuelt i samarbeid med kontrollutvalssekretæren, fullmakt til å akseptere den reviderte skissa.

Det er ved bestilling av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkjast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på bestillingsprosessen, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske.

I bestillingsprosessen bør kontrollutvalet leggje spesiell vekt på revisjonen si utforming av problemstillingane for prosjektet. Problemstillingane dannar i stor grad ramma for datainnsamling, analyseperspektiv og kva resultat undersøkinga kan kome fram til. Før bestilling av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt er det viktig at kontrollutvalet vurderer om problemstillingane er godt formulerte, og om dei er i samsvar med utvalet sine intensjonar for undersøkinga.

Vedlegg

Prosjektskisse forvaltningsrevisjon sakshandsaming i barnevernet 2022 - Sula kommune
Erklæring om revisor sitt sjølvstende - Sula kommune



MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

PROSJEKTPLAN

SULA KOMMUNE

BARNEVERN

MARS 2022

BESTILLING

Sula kontrollutval vedtok i sak PS 04/22 å bestille ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan sakshandsaming i barnevernet:

Sula kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon sakshandsaming barnevern i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggast fram på neste møte i Sula kontrollutval som er 30. mars 2022 og skal være grunnlaget for endeleg rapport

OM BARNEVERNET

Barnevernet i Sula kommune er organisert i tre team:

- Undersøking
- Tiltak
- Omsorg

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomførte eit tilsyn innan barnevern våren 2021, og sluttrapport for dette tilsynet blei oversendt Sulka kommune 19.05.21. I Statsforvaltaren sitt tilsyn var tema «Sula kommune sitt arbeid med undersøkingar i barnevernet 2021.» Med bakgrunn i dette tilsynet, har ein valt å ikkje sjå på tema «Undersøking» i denne forvaltningsrevisjonen. I «Tilstandsrapport for barnevern 2021», behandla i kommunestyret 20.10.21, kjem det også fram at eininga sjølv har eit ønske om ein forvaltningsrevisjon innan «Tiltak og omsorg».

I Årsmelding 2020 for Sula kommune ser vi at kommunen har ei auke i tal på nye meldingar. I 2020 fekk barnevernet 158 nye meldingar, mot 123 i 2019.

I Tilstandsrapport for 2021 blir desse tala for Sula barnevern presentert:

	1.halvår 2021	1./2. halvår 2020	1./2. halvår 2019
Barn som mottek hjelpetiltak	47	63/64	64/69
Tal på barn med tiltaksplan	38	56/64	49/63
Tal på barn med tiltak meir enn 3 mnd	32	48/52	42/48
Evaluert tiltaksplan	23	29/20	17/34

Fokusområde for denne forvaltningsrevisjonen blir:

- **Tiltak**

Barnevernet kan treffe ulike type barneverntiltak. Dette kan vere frivillige hjelpetiltak i heimen, frivillig plassering utanfor heimen og frivillig plassering på institusjon.

- **Omsorg**

Dersom barnevernet fattar vedtak om hjelpetiltak, skal det lagast ein tiltaksplan for barnet. Barnevernet skal følgje nøye med på korleis det går med barnet og foreldra, og vurdere om hjelpa er tenleg.

For begge desse fokusområda, skal barnevernet gjere vedtak som er i samsvar med regelverket, og kommunen skal ha skriftlege rutinar og malar for enkeltvedtak.

PROBLEMSTILLINGAR

Vi foreslår følgande problemstillingar:

1. Blir barn med hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervernstiltak følgt opp på ein tilstrekkeleg måte?

Aktuelle revisjonskriterier:

- Oppfølging av barn med hjelpetiltak (Barnevernlova § 4-4 og § 4-5):
 - For alle barn med hjelpetiltak skal barnevernstenesta utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak blir vedtatt.
 - Tiltaksplanen skal evaluerast etter 3 månader.
 - Tiltaksplanen skal ha eit tilfredsstillande innhald.
- Oppfølging av barn med omsorgstiltak (Barnevernlova § 4-15, tredje ledd):
 - Det skal vedtakast ein førebels omsorgsplan ved omsorgsovertaking.
 - Det skal vedtakast ein endeleg omsorgsplan seinast to år etter fylkesnemnda sitt vedtak om omsorgsovertaking.
 - Omsorgsplanane skal ha eit tilfredsstillande innhald.
 - Omsorgsplanen blir jamleg evaluert.
- Oppfølging av ungdom med ettervern (Barnevernlova § 4-15, fjerde ledd):
 - Det er klare rutine for ettervern og ungdommen si deltaking i vedtak om ettervern.
 - Det blir utarbeidd ein tiltaksplan for framtidig tiltak i god tid før ungdommen fyller 18 år.

- Tiltaksplan skal tydeleggjere kva som er ungdommens særlege behov og korleis disse skal imøtekomast.
 - Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig.
2. Er enkeltvedtaka i regi av barnevernet i samsvar med regelverket (Barnevernlova kapittel 6, § 6-1 til § 6-6/ Forvaltningslova kapittel 4 og kapittel 5)?

Aktuelle revisjonskriterier:

- Vedtak skal oppfylle følgande krav:
 - Det blir vist til reglane vedtaket bygger på.
 - Innhald i reglene eller problemstillinga vedtaket bygger på er referert.
 - Dei faktiske forholda som vedtaket bygger på er nemnd.
 - Det er opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.
 - Det er opplyst om retten til å sjå saksdokument.
 - Ut frå vedtaket kjem det fram kva som er barnet sitt synspunkt.
 - Ut frå vedtaket kjem det fram korleis barnet sin mening er vektlagd.
 - Ut frå vedtaket kjem det fram korleis barnet sitt beste er vurdert.

KJELDER TIL REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunnlagt i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

I dette prosjektet vil det vere naturleg å leggje følgjande hovudkjelder til grunn for å kunne utleie revisjonskriterium:

- Lov om barnevern (barnevernloven), LOV-1992-07-17-100
- Faglege rettleiarar og retningslinjer frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet:
 - «Saksbehandlingsrundskrivet» - Retningslinjer som skal gi barneverntenesta ei oversikt over grunnleggjande regler og krav, og bidra til at oppgåver løysast på ein forsvarleg måte
 - «Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - nasjonal faglig retningslinje for kommunene i deres arbeid for tidlig oppdagelse, tverrfaglig oppfølging og helhetlig hjelp for utsatte barn og unge». Retningslinja tydeleggjer dei ulike sektoranes ansvar og betydninga av samarbeid.
 - «Oppfølging av foreldre med barn i fosterhjem og barnevernsinstitusjon» - ein rettleiar om korleis barnevernet og familievernnet kan følgje opp foreldre til barn som bur i fosterheim eller institusjon.

- «Faglig anbefaling for opplæring av fosterforeldre» - om opplæring til fosterfamiljar som gir oversikt over tema som kjenneteikna god fosterheimsopplæring.
- «Samhandlingsforløp for barn som flytter i fosterhjem» - gjelder flytting til ordinære kommunale fosterheim.
- «Retningslinjer for samarbeid mellom barneverntjenesten og NAV- kontoret»

METODE

I denne forvaltningsrevisjonen vil vi bruke tre metodar:

- Dokumentanalyse: her vil revisjonen gjere ein gjennomgang av relevante og sentrale kommunale dokumenter, som tilstandsrapport, oppvekstplan, budsjett- og økonomiplanar, årsmeldingar og aktuelle handlingsplanar. Revisjonen vil også sjå på kommunen sine rutinar og retningslinjer.
- Mappgjennomgang: Revisjonen vil gjennomgå 10 mapper med enkeltvedtak for å vurdere om vedtaka bygger på reglane for enkeltvedtak i barnevernet.
- Intervju av tilsette i Tiltaksteam og Omsorgsteam, samt einingsleiar og fagleiar. Det blir skrive referat frå alle intervju. Desse vil bli oversendt informantane til verifisering. Validiteten blir styrka ved at datamaterialet frå intervju og samtalar er faktaverifisert av alle informantane. Ei slik faktaverifisering gir mindre rom for usemje eller misforståingar kring tolking av data.

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

NAVN	TITTEL
Kurt Løvoll	Oppdragsansvarleg
Anne Kristin Bryne	Forvaltningsrevisor

Vi estimerer at prosjektet kan bli gjennomført på 300 timar. Dette anslaget inneheld utarbeiding av avgrensa og spissa problemstillingar ut frå prosjektplan, datainnsamling og analyse, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Estimert timebruk omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

FRAMDRIFTSPLAN

AKTIVITET	PLANLAGT UTFØRT
Prosjektplan i kontrollutvalet	30.03.2022
Oppstartsmøte med kommunedirektør	April 2022
Datainnsamling	Mai- juni 2022
Arbeid med rapport	August 2022
Høringsperiode	September 2022
Planlagt levert ferdig rapport	15.10.2022

For å kunne gjennomføre prosjektet innanfor planlagt frist og med stipulert timebruk, er det nødvendig at kommunen sender over dokumentasjon innan fristane som blir sett. I tillegg må utvalde personar stille til intervju, samt verifisere referat innan rimeleg tid.

UAVHENGIGHEIT

Som vedlegg ligg erklæring om uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor har henta inn tilsvarande erklæringar frå revisjonsteamet, og har også ansvar for å gjere dette dersom det blir nødvendig at andre i Møre og Romsdal Revisjon SA blir involvert i arbeidet.

SJEKKLISTE FOR UAVHENGIGHET

BARNEVERN – SULA KOMMUNE

Kommuneloven § 24-4 samt forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16-19	Eventuell merknad
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående ¹ har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av	
Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av ² .	
Revisor kan ikke delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren	
Revisor kan ikke utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet	
Revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver	
Revisor kan ikke opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.	

¹ Nærstående etter første ledd er:

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og deres ektefeller eller samboere
- c) revisorens søsken og deres ektefeller eller samboere
- d) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje til revisorens ektefelle eller samboer.

² Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap

UAVHENGIGHETSERKLÆRING

I forbindelse med arbeidet med forvaltningsrevisjonen


BARNEVERN – SULA KOMMUNE

kjenner jeg ikke til slektsforhold eller andre familiære forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg kjenner heller ikke til andre forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg forplikter meg til å informere ledelsen ved revisjonen dersom det underveis i prosjektet skulle oppstå situasjoner som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Ålesund, 16.03.2022



Kurt Løvoll

Oppdragsansvarlig revisor